



Fedje kommune

Møteprotokoll for Ungdomsrådet

Møtedato: 01.11.2021
Møtestad: Slissøyana/Skarvøyana i Fedje fleirbrukshall
Møtetid: 17:00 - 19:00

Møtedeltakarar	Parti
Otto-Andre Nordby	H
Ragnhild Kahrs	
Sindre Waage	

Møtedeltakarar vara	Parti
Brede Opsahl	
Hanna Holgersen	
Jos Verhofstad	
Kristin Aase	Ap

Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Amalie Henden Kleppe	
Torkild Ratcliffe	

Følgjande frå administrasjonen møtte:
Dagrun Gunnarson

Sakliste

Saknr	Tittel
011/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
012/21	Godkjenning av møtebok
013/21	Referatsaker
014/21	Val av nytt ungdomsråd
015/21	Val av leiar og nestleiar i ungdomsrådet
016/21	Betalingsattsar i kulturskulen 2021
017/21	Eventuelt ungdomsråd 01.11.21
018/21	Kommunebudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025

011/21: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Ungdomsrådet 01.11.2021

Behandling:

U - sak 011/21 Vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

012/21: Godkjenning av møtebok

Ungdomsrådet 01.11.2021

Behandling:

U - sak 012/21 Vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

013/21: Referatsaker

Ungdomsrådet 01.11.2021

Behandling:

Felles framlegg til vedtak: Sindre og Ragnhild reiser på nettverkssamling, om det lar seg ordne.

U - sak 013/21 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering. Sindre og Ragnhild reiser på nettverkssamling, om det lar seg ordne.

Samrøystes vedteke.

014/21: Val av nytt ungdomsråd

Kommunestyret 28.10.2021

Forslag til vedtak, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Samansetning av ungdomsråd 2021-2023

Følgjande vert valde til ungdomsråd for Fedje kommune:

Frå kommunestyret: Otto André Nordby

Elevrådsleiar frå Fedje skule: Sindre Waage

Medlem VGS – Amalie H. Kleppe vald til 2023

Medlem – Torkild Ratcliffe vald til 2023

Medlem – Ragnhild Marlene Knappen Kahrs vald til 2023

Varamedlem:

Varamedlem frå kommunestyret: Kristin Aase

Vara for elevrådsleiar, nestleiar frå elevrådet: Tijana Radic

Varamedlem: Brede Opsahl vald til 2023

Varamedlem: Hanna Holgersen vald til 2023

Varamedlem: Jos Verhofstad vald til 2023

Varamedlem har møte-, forslags –og uttalerett, men ikkje røysterett. Varamedlem skal ha møtegodtgjering når dei møter.

Behandling:

Forslag frå Hans Erik Waage (Ap) Ein endrar det at det skal vera ein elev ved Austrheim vidaregåande skule som skal vera medlem i ungdomsrådet til at det skal vera ein elev frå vidaregåande skule med i ungdomsrådet.

K - sak 075/21 Vedtak:

Samansetning av ungdomsråd 2021-2023

Følgjande vert valde til ungdomsråd for Fedje kommune:

Frå kommunestyret: Otto André Nordby

Elevrådsleiar frå Fedje skule: Sindre Waage

Medlem VGS – Amalie H. Kleppe vald til 2023

Medlem – Torkild Ratcliffe vald til 2023
Medlem – Ragnhild Marlene Knappen Kahrs vald til 2023

Varamedlem:
Varamedlem frå kommunestyret: Kristin Aase
Vara for elevrådsleiar, nestleiar frå elevrådet: Tijana Radic
Varamedlem: Brede Opsahl vald til 2023
Varamedlem: Hanna Holgersen vald til 2023
Varamedlem: Jos Verhofstad vald til 2023

Varamedlem har møte-, forslags –og uttalerett, men ikkje røysterett. Varamedlem skal ha møtegodtgjering når dei møter.

Ein elev frå Austrheim vidaregåande skule vert endra, til ein elev frå vidaregåande skule.

Samrøystes vedteke.

Ungdomsrådet 01.11.2021

Behandling:

Saka er behandla i kommunestyret allereie.

U - sak 014/21 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Samrøystes vedteke.

015/21: Val av leiar og nestleiar i ungdomsrådet

Ungdomsrådet 01.11.2021

Behandling:

Forslag til leiar: Sindre Waage. Samrøystes vedteke.

Forslag til nestleiar: Ragnhild Kahrs og Amalie Kleppe. Ragnhild Kahrs vart vald med 3 mot 2 røyster. Otto-Andre Nordby, Hanna Holgersen og Ragnhild Kahrs stemte for Ragnhild Kahrs.

U - sak 015/21 Vedtak:

Sindre Waage vert vald til leiar og Ragnhild Kahrs vert vald som nestleiar av Fedje ungdomsråd skuleåret 21/22.

016/21: Betalingssatsar i kulturskolen 2021

Ungdomsrådet 01.11.2021

Behandling:

U - sak 016/21 Vedtak:

Frå 01.01.2022 er grunnsatsen for ein aktivitet i Fedje kulturskule kr. 1400 pr. semester. Satsen for to aktivitetar er kr. 2100 pr. semester. Kortare kurs vert prissett av kulturskulerektor.

Samrøystes vedteke.

017/21: Eventuelt ungdomsråd 01.11.21

Ungdomsrådet 01.11.2021

Behandling:

Opning av ungdomsklubben vert 4. desember, og ungdomsrådet ønskjer å ta seg av arrangering av det.

Neste møte i ungdomsrådet vert 18. november kl. 18.15

U - sak 017/21 Vedtak:

Ingen vedtak under eventuelt.

018/21: Kommunebudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025

Ungdomsrådet 01.11.2021

Behandling:

Felles framlegg:

Ungdomsrådet ønskjer at kommunestyret setter av midlar til faste, løpande kostnadar som internett/fiber, reinhald, installering av fleire stikk-kontaktar og vedlikehald av ungdomsklubben.

Ungdomsrådet ber og om ein pott til innkjøp av saker som racingsimulator, prosjektor, biljardbord mm for å skape fleire aktivitetar, på ca. 50 000 kr. Samrøystes vedteke.

Ungdomsrådet ønskjer at kommunen sett av midlar til tetting av toalettrom (dør og vegg) i lokalet til ungdomsklubben. Samrøystes vedteke.

Ungdomsrådet ønskjer seg betre vegar i kommunen. Vedtaksframlegget falt samrøystes.

U - sak 018/21 Vedtak:

Ungdomsrådet ønskjer at kommunestyret setter av midlar til faste, løpande kostnadar som internett/fiber, reinhald, installering av fleire stikk-kontaktar og vedlikehald av ungdomsklubben. Ungdomsrådet ber og om ein pott til innkjøp av saker som racingsimulator, prosjektor, biljardbord mm for å skape fleire aktivitetar, på ca. 50 000 kr.

Ungdomsrådet ønskjer at kommunen sett av midlar til tetting av toalettrom (dør og vegg) i lokalet til ungdomsklubben.

Samrøystes vedteke.
